



Norske Hus Boligsystem AS  
Innherredsvn 103  
7043 TRONDHEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1758 - 14/4022

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

26.02.2014

## Mellombels bruksløyve - gbnr 137/47 Alver - Riving av eksisterande bustad og oppføring av tremannsbustad

### Administrativt vedtak. Saknr:

Vi syner til søknad om ferdigattest for oppført tremannsbustad mottatt 10.02.2014. Kommunen gjev hermed førebels bruksløyve for ovannemnde tiltak, jf plan- og bygningsloven § 21-10 tredje ledd.

Mellombels bruksløyve er gyldig til 26.04.2014 . Søknad om ferdigattest med vedlegg skal vera kommen inn til kommunen til denne datoen. Bruk av bygning/tiltak utan gyldig ferdigattest eller mellombels bruksløyve er i strid med lova og kommunen kan gje pålegg om at ulovleg bruk skal innstillast. Grunngevinga går fram av sakutgreiinga.

### Vilkår:

- 1) Areal avsett til biloppstillingsplassar skal jamnast ut slik at dei kan verte nytta til parkering. Dette gjeld særleg PL1 og PL2
- 2) Ansvarleg søkjar må dokumentere korleis krava i pbl § 23-4 og SAK § 12-2 er sikra i føretakets system før det gis ferdigattest (dokument tilsyn). Det må gis tilbakemelding på registrerte «ikkje innrapporterte avvik».
- 3) Ansvarleg søkjar må sende inn samsvarserklæring frå Tore Håland av 29.01.2014 og samsvarserklæring frå Norske Hus Boligsystem AS av 06.02.2014 (dokument tilsyn).

### Spesifikasjon

Byggestad: Gbnr. 137/47 m.fl.  
Bygningsnummer: 300416111 m.fl.  
Type tiltak: Tremannsbustad. Heile tiltaket  
Vedtak: Delegert sak handsama 26.10.2012.

Det er motteke revidert søknad om ferdigattest den 21.02.2014 der det går fram av gjenstående arbeider er utført. Det er vedlagt 2 fotos. Det vises til telefonsamtale den 25.02.2014 og 26.02.2014 der det vart avtalt at søknaden skulle handsamast som søknad om mellombelsbruksløyve.

Fylgjande ikkje innrapporterte avvik er registrert i etterkant av telefonsamtalene:

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



1. Arbeider er fullførte av nytt føretak utan at ansvarsrett for arbeida vart godkjent på førehand.
2. Utomhusareala er ikkje ferdig opparbeidd:
  - a. Avkøyrsele er ikkje opparbeidd i samsvar med tidlegare godkjenning.
  - b. Areal for parkering/køyring er ikkje utjamna og ferdigstilt.
  - c. Grønt areal aust for bustadene er ikkje opparbeidd. Grusa areal sørvest for husvære 1 er ikkje ferdigstilt
  - d. Utvendige trapper frå 2. etasje ut til uteopphaldsarealet var ikkje på plass for husvære 1 og 2.
  - e. Naudsynt sikringstiltak mot offentleg veg (gjerde) er ikkje på plass, jf. TEK § 8-4 (3).
3. Vi gjer merksam på at diverse røyrleidningar ved godkjent avkøyrsele ikkje var nedgravd.
4. Vi registrertel søppel frå byggeprodukt (plast m.m.) på og rundt eigedomen som må innsamlast og handterast forsvarleg.
5. Vi kan ikkje sjå at det er levert «as built teikningar» av leidningsnett og utvendige VA-installasjonar.
6. Det er ikkje levert sluttrapport med avfallsplan for nybygg og sluttrapport med avfallsplan for riving, jf. TEK 9-9. Vi minner om at det må dokumenterast at kravet i TEK § 9-8 er stetta.

Ny sluttkontroll skal utføres, og sluttdokumentasjon og fråsegn om ferdigstilling skal sendast plan- og bygningsstyresmaktene før det kan gjevast ferdigattest.

Bygningen eller deler av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det som er fastsett i dei løyver som er gjevne tidlegare. Særlege vilkår i byggeløyve må vere tatt vare på.

### **Gebyr**

Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ for **2014**. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

<b>C5.2b.</b>	<b>Gebyr</b>
Tilleggsgebyr - Lite	<b>2.800</b>
<b>SUM</b>	<b>2.800</b>

### **Klagerett**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

### **Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Stephen Gray

Postboks 32

5907

ALVERSUND

**Mottakarar:**

Norske Hus Boligsystem AS

Innherredsvn 103 7043

TRONDHEIM